

Årsrapport Nordfjord Folkemuseum 2017

Personale ved avdelinga

Anne Kristin Moe, avdelingsdirektør 100 % stilling

Ann-Kristin Niiranen, førstesekretær/museumsvert 100 % stilling (10 % permisjon)

Ingrid Berger, konservator, 100 % stilling

Eva Marie Felde formidlingsleiar 100 % stilling (frå 02.05.2017)

Nils Åge Kvamme, driftsansvarleg, 100 % stilling

Kent Arvid Flølo, handverkar 50 % stilling

Steinar Ewebø, handverkar 50 % stilling

Maria Bolseth, reinhaldar og museumsvert inntil 20 % stilling (til 01.11.17)

Solvei Berger Roska, reinhaldar og museumsvert inntil 20 % stilling (frå 01.11.17)

Lisa Selsvik er tilsett som ekstrahjelp (frå 01.11.17)

Eigarstyre og Råd

Nordfjord Folkemuseum er drifta av Musea i Sogn og Fjordane (MISF) som eiga avdeling. Avdelinga har fram til 2017 hatt eit eigarstyre som har forvaltningsansvar for eigedommane til Nordfjord Folkemuseum, og eit råd som er øvste styringsorgan for saker som sorterer under eigarstyret.

Rådet består av representantar frå dei sju Nordfjordkommunane, samt Nordfjord Sogelag. Eigarstyret består av ein representant frå Rådet, ein frå Nordfjord Sogelag og ein frå vertskommunen Gloppen.

Det vart halde møte i Eigarstyret Nordfjord Folkemuseum 31.03. Her vart det gjort følgjande vedtak:

Eigarstyret gjev innstilling til Rådet om at føretaket «Nordfjord Folkemuseum» (org.nr.971569573) vert oppløyst og at eigarstyret og Rådet for Nordfjord Folkemuseum vert lagt ned og at samlingar og eigedomar ved Nordfjord Folkemuseum vert overført til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har gjort eigarstyret og Rådet for Nordfjord Folkemuseum overflødig i og med at formålet er samanfallande og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane mottar og styrer alle løyvingane. Kontakt med lokalsamfunnet vert sikra på det kommunale plan ved at avdelingsdirektør er med i Kulturnettverk Nordfjord saman med kulturleiarane i dei sju Nordfjordkommunane. Det frivillige engasjementet for museet vert sikra gjennom Nordfjord Sogelag.

Når det gjeld oppgåva med å oppnemne medlemmar til råd og stiftingar, må denne oppgåva overførast til MISF, gjerne avd. Nordfjord Folkemuseum. Eigarstyret vil oppmode om at Nordfjordkommunane i sine løyvingar til MISF øyremerkar midlane til avdeling Nordfjord folkemuseum.

Det vart halde møte i Rådet for Nordfjord Folkemuseum 23.02 (ikkje vedtaksføre) og 22.06. Rådet støtta Eigarstyret sitt vedtak (samrøystes vedteke).

Representasjon

Nordfjord Folkemuseum har i 2017 gjennom medlemmer i Rådet og Eigarstyret vore representert i styret i Stiftinga Karnilstunet og Liatunet. Museumsfartøyet Holvikejekta er medlem i Norsk Forening for Fartøyvern. Anne Kristin Moe har vore med i kulturleiargruppa i Nordfjord og Ressursgruppe for Kulturminneplan i Gloppen. Ho sit også i styret for Norsk foreining for kulturforsking. Steinar Ewebø er tilsetterepresentant i styre til Musea i Sogn og Fjordane.

Forvaltning

I 2017 har Nordfjord Folkemuseum **flytta** ein mindre bygning (lysthus) til ein meir høveleg plass. Det er laga vegg og grind på ein annan bygning (rislade). Denne er no fylt med ved, slik at den fekk ny visuell- og bruksfunksjon. Avdelinga har gjennomført internprosjektet «**Bukt med fukt**» med oppjekking av og grøfting rundt utsette bygningar i Friluftsmuseet. Det har blitt grøfta langs tre bygningar, lagt tre nye kummar og leding av vatnet til elva. I 2017 har avdelinga også arbeidd med **sikringsplan** og gått gjennom alle bygningar med lagra gjenstandar saman med fellesadministrasjonen og ekstern konsulent. I tillegg til dei 44 antikvariske bygningane og Holvikejekta har Nordfjord Folkemuseum ansvar for vedlikehald og drift av **eplehagen** med gamle fruktsortar som er klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurscenter.

Revisjonsarbeidet på gjenstandar som er lagra i Friluftsmuseet som vart starta i 2016, fortsette i 2017. Dette året vart ein stor bygning, **Frøysetlada**, tømmd og gjenstandane der gjennomgått, identifisert, registrert /revidert eller avhenda. Det er levert 25m³ til gjenvinning, ferdig sortert tre/metall. Etter tømning vart det greve og laga nytt golv i Frøysetlada. Det vart ført fram straum og montert lys og inngangen frå vest vart restaurert. Seks trebåtar vart flytta frå ekstern lagring til museumsområdet, tre av desse til permanent utstilling i Frøysetlada, ein midlertidig i Frislidlada (seinare flytt til internt lager) og to i temporærutstillinga «Nordfjordbåt». I samband med utstillinga vart det også gjort eit oversynsarbeid på båtar og båtbyggjarverkty.

Skriftarkivet er flytt til tidlegare fotomagasin (fram til 2016 leigd av Fylkesfotoarkivet), no «Arkiv». Kvilande arkiv vert brukt til eldre skriftlege kjelder/bøker. Rommet der skriftarkivet var før vart tømmd, og i løpet av 2017 teke i bruk til gjenstandar av organisk materiale («Organisk 2»). Lager av ikkje arkivverdige materiale/bøker er kraftig redusert. Det er behalde arkiv- og bibliotekseksemplar til museet og gitt vekk eksemplar til privatpersonar og institusjonar. Resten er avhenda. Alle årgangar av «Jul i Nordfjord» (1936-2016) er digitalisert.

Det er i 2017 arbeidd med **fotografering** av registrerte gjenstandar, samt alle samansette / monterte drakter frå utstillinga «Frå folkedrakt til bunad i Nordfjord». Det er også føreteke nyfotografering i samband med den nye publikasjonen om Holvikejekta. Det vart i 2017 kjøpt inn bakgrunnsoppheng for fotografering av noko større gjenstandar, og fototelte for små gjenstandar.

Fast utstilling er etter 20 år stengd og demontert. Alle gjenstandar er registrert og fotografert og klare til magasinering. Avdelinga har elles fullført **registreringa** av nyare tekstilar og pakka om i nye hyller på tekstilmagasin. I samband med utstillinga «Frå folkedrakt til bunad i Nordfjord» vart også desse tekstilane gjennomgått.

I samband med søknad om **bevarings- og formidlingsbygg for Holvikejekta**, var avdelingsdirektør saman med kultursjef i Gloppen og administrerande direktør for Musea i Sogn og Fjordane, på studietur til Nordlandsmuseet og Norsk Jektefartmuseum. Her fekk vi innsyn i prosessen med kulturbygget for Nordlandsjekta Anna Karoline og deltok på deira internseminar om istandsetting av fartyet. Her vart det av fleire ekspertar understreka kor unik Holvikejekta er i internasjonal samanheng, og at bevaringa av vår jekt også er viktig for Norsk Jektefartmuseum. Musea i Sogn og Fjordane arbeider med ny søknad om nasjonalt kulturbygg for Holvikejekta fram til 2019.

Av **inntak** er det i 2017 teke inn 86 einskilde gjenstandar, hovudsakeleg julepynt og gjenstandar knytt til lokal draktradisjon og nordfjordbåt. Det er **avhenda 187 objekt**, 88 med nummer og 99 ikkje-registrerte objekt. I 2017 har 864 gjenstandar fått påført plassering, 580 har fått foto, og 1150 er publiserte på www.digitaltmuseum.no. Pr. 31.12.2017 har Nordfjord Folkemuseum totalt 13 714 digitalt registrerte gjenstandar.

Forsking

I 2017 har Nordfjord Folkemuseum delteke i det EØS-finansierte prosjektet «**Making and growing – Traditions between fibre and fabric**» saman med Norsk Folkemuseum, Fine Crafts Association of Vilnius og handverkarar frå landsbyane Krikštėnai og Gyvoliai i Litauen. Målet med prosjektet var å spreie kunnskap om og interesse for tekstiltradisjonane i dei to landa. Gjensidige studieturar for å undersøke materialkultur og tekstiltradisjonar resulterte i ei vandretstilling som vart vist fyrste gong på Nordfjord Folkemuseum i veke 4. Her besøkte kring 200 elevar utstillinga. Det var i tillegg arrangert omvising gjennom Frivillegsentralen og eit ope arrangement to av kveldane. Utstillinga vart vist på Norsk Folkemuseum i veke 8, og i Litauen i veke 9/10 (Vilnius 3.-5.mars; Ukmerge 6.-8. mars ; Pavirvyte 9.-11. mars). Avdelingsdirektør deltok der saman med ein representant frå Norsk Folkemuseum og den norske ambassadøren i Litauen.

I samband med utstillingane «**Folkedrakt og bunad i Nordfjord**» og «**Nordfjordbåt**» har ein fordjupa seg i dei ulike emna og drive ny innhenting av kunnskap. I tillegg til utstillingstekstar har dette munna ut i artiklar i *Jul i Nordfjord*. Ved begge utstillingane hadde vi fagseminar med innleigde foredragshaldarar i tillegg til eigne krefter. Seminaret om drakttradisjonar i Sogn og Fjordane vart halde 10. september med Reidun Strand (Nordfjord), Ann Lundekvam og Bodil Myklebust (Sunnfjord) og Bjørg Hovland (Sogn) som innleiarar. Nordfjordbåtseminaret, som vi arrangerte i samarbeid med Nordfjordbåtlaget, gjekk føre seg 14.-15. oktober. Her var Petter Helland Hansen (Hardanger Fartøyvernssenter), Terje Planke (Norsk Folkemuseum/Høgskolen i Sørøst-Norge), Håvar Hatløy (Sunnmøre Museum), Ingrid Berger (Nordfjord Folkemuseum) og Lars Bjarte Ousland (Nordfjordbåtlaget) foredragshaldarar. Praktisk ro- og seglseminar, opning av Nordfjordbåtutstilling og omvising på Holvikejekta var også ein del av programmet.

Formidling

I 2017 har museet vore ope alle dagar i sommarsesongen kl. 11-17 (15.06 – 15.09) og kl.11-15 kvardagar og søndagar resten av året. I sommarsesongen var det daglege omvisingar i friluftsmuseet. Publikumstalet i 2017 var 8817. Av desse var 4509 enkeltbesøk vaksne, 1125 enkeltbesøk born, 1199 vaksne i gruppe og 1984 born i gruppe (skuleklassar). Grunna vakanse i formidlarstillinga var det ein nedgang i talet på skuleklassar i forhold til 2016, medan talet individuelt besøkande var høgere.

I utstillingsbygget har Nordfjord Folkemuseum vist seks **utstillingar** i 2017:

16.11.16 - 31.02.17	«Livreddaren – eit dokumentarisk portrett av spelsauen» (Havråatunet m.fl.)
23.01 - 27.01.17	«Making and growing. Traditions between tekstiles and farbric»
22.03 - 01.05.17	«Heimen i Nordfjord 1880 – 1980» (samarb. med Eid VGS, Interiør og design)
14.05 - 21.08.17	«Folkedrakt og bunad i Nordfjord» (eigenprodusert)
31.08.17 – feb. 2018	«Nordfjordbåt» (eigenprodusert)
03.12.17 – jan.2018	«Juletrepynt»

I tillegg er interiørutstilling i 15 hus i friluftsmuseet laga til for sommarsesongen. To av desse fekk ny interiørutstilling i 2017. Den eigenproduserte utstillinga «Kystgeita» frå 2008 har blitt vist i Selje.

I 2017 har Nordfjord Folkemuseum hatt følgjande **pedagogiske opplegg** for skuleklassar:

- «Making and growing» Tekstile tradisjonar i Noreg og Litauen
- Holvikejekta
- Eplepressing
- Nordfjordbåt
- Båt i Gloppen (DKS Gloppen)
- Energi og vasskraft

- Buskikk i Nordfjord (Friluftsmuseet)
- Tidskapsel (DKS Sogn og Fjordane)
- Juletradisjonar

Formidlarstillinga var vakant fram til 1.mai. Med unntak av prosjektet «Making and growing» hadde vi difor ikkje formidlingstilbod til skulane fyrste semester. Sommaren og hausten vart brukt til å utvikle nye undervisningsopplegg. Avdelinga har også hatt omvisingar knytt til utstillingane «Heimen i Nordfjord», «Frå folkedrakt til bunad i Nordfjord» og «Nordfjordbåt».

Nytt av året er Musea i Sogn og Fjordane sitt DKS-tilbod for alle elevar i 9.klasse. Tilbodet «Tidskapsel» gjeld heile fylket, og vi hadde besøk av elevar frå Selje, Stadlandet, Olden, Vågsøy, Hyen og Gloppen ungdomsskular. Totalt 250 elevar. Målsettinga er å gje elevane ei generell innføring i museumsarbeid og kulturarv, i tillegg til at dei blir kjende med den museumsavdelinga dei besøkjer. Nordfjord Folkemuseum har i år lagt spesiell vekt på ressursutnytting før og no. Elevane fekk omvising i nokre av husa der vi snakkar spesielt om dette og fekk prøve seg som vedhoggarar, ei viktig råvare i tidlegare tider og eit arbeid som borna ofte tok hand om.

Vi har halde **foredrag** for Hovudutval for næring og kultur, Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, og lokale bygdekvinnelag, og hatt **museumsfaglege opplegg** for Gloppen Opplæringsssenter, Frivillegsentralen, Eid Røde kors, NAV Gloppen, Sogn Bunadnettverk og kulturleiargruppa i Nordfjord. Avdelinga har også hatt **arrangement** i samarbeid med Countryfestivalen, Gloppen kommune, Roseklubben og Gloppen hotell. Vi har også inngått samarbeid med «Onsdagstreffen» om eit tilbod til eldre om besøk med omvising.

I 2017 hadde Nordfjord Folkemuseum 50 **presseoppslag**. Desse var om lokal draktttradisjon (9), Holvikejekta (7), nordfjordbåt (6) og andre arrangement /generelt om avdelinga (28). Vi har også vore med på seks radioprogram. I juni hadde avdelinga besøk av Magasinet Bunad, noko som resulterte i ein 20-siders reportasje om utstillinga og den lokale folkedrakt- og bunadtradisjonen. I september filma Visit Nordfjord deler av sin Nordfjord-film i friluftsmuseet.

Nordfjord Folkemuseum har i 2017 vore med på fleire **publikasjonar**. Frå 2017 overtok Nordfjord Folkemuseum det redaksjonelle ansvaret for *Jul i Nordfjord*. Anne Kristin Moe er ansvarleg redaktør og Eva Marie Felde redaksjonssekretær. Publikasjonen «Holvikejekta – sjøens stavkyrkje» (Selja Forlag) vart lansert 14.juni. Publikasjonen er finansiert av museet som engasjerte Ove Eide som forfattar. Avdelingsdirektør var prosjektleiar og bilderedaktør. Avdelingsdirektør har også vore medredaktør for boka «Immateriell kulturarv på museum» (Museumsforlaget).

Ved avdelinga er det publisert sju artiklar:

- «Tre horver frå Stryn», i Årsskrift for Stryn Historielag 2017 (Ingrid Berger)
- «Ein færing» i Ljøren, Gloppen sogelag, 2017 (Ingrid Berger)
- «Holvikejekta» i Kjelda 2017 nr.1 (juni), utgjevar Sogn og Fjordane Fylkesarkiv (Ingrid Berger)
- «Nordfjordbåt – type, historie og bruk» Jul i Nordfjord 2017 (Ingrid Berger)
- «Frå folkedrakt til bunad i Nordfjord» Jul i Nordfjord 2017 (Anne Kristin Moe)
- «Spora av fortida som forsvann» Jul i Nordfjord 2017 (Eva Marie Felde)
- «Eit nytt Nordfjord Jul i Nordfjord 2017 (Eva Marie Felde)

Opne arrangement

- 25.01 Presentasjon, foredrag og omvising i/om EØS-prosjektet «Making and growing»
- 15.02 Foredrag med «Livredderen»-fotograf Nils Olav Mevatne
- 22.03 Utstillingsopning «Heimen i Nordfjord 1880 – 1980»
- 14.05 Utstillingsopning «Frå Folkedrakt til bunad i Nordfjord»

- 14.06 Bokslepp «Holvikejekta – sjøens stavkyrkje»
- 05.07 Familiedag
- 22.07 Kunsthistoriekurs for born
- 23.07 Kunsthistoriekurs for vaksne
- 05.08 Støylsdag
- 12.08 Kunsthistoriekurs for born
- 13.08 Kunsthistoriekurs for vaksne
- 10.09 Draktseminar
- 30.09 Stand med formidlingsopplegg på Matamål, Sandane
- 18.10 Lansering av Soga om Sogn og Fjordane
- 01.10 Arr. i samband med Verdsdag for psykisk helse
- 15.10 Utstillingsopning «Nordfjordbåt»
- 10.11 Lefsebakekurs i samband med Kulturnatt
- 03.12 Julemarknad

Fornyng

Nordfjord Folkemuseum brukar sosiale medium aktivt for å fortelje om gjenstandane våre og kva vi jobbar med på forvaltningssida. Kvar veke plukkar konservator ut ein gjenstand frå samlinga og fortel litt om denne i «Vekas ting» på Facebook.

I 2017 har avdelinga spesielt jobba med fornyng på utstillingsfronten. Vi har arbeidd med utstillingar som prosjekt med registrering, kunnskapsinnhenting og tekstskriving som også munnar ut i artiklar, og meir profesjonell montering. Det er investert i montrar, plexiglas og draktbyster, og handverkarane har laga benkar til utstillingsbruk. På alle utstillingar i 2017 vart det brukt designar og profesjonelt trykk på tekstane. I samband med hovudutstillingane har vi arrangert fagseminar, for å oppnå både kunnskapsinnhenting og kunnskapsdeling.

Vi er opptekne av fagleg utvikling, og tilsette ved avdelinga har delteke på Handverkarsamling på Sunnfjord museum, Landsmøte i museumsforbundet i Fredrikstad, Riksantikvarens Utviklingsnett: «Fra monter til Minecraft» i Oslo, Vertskapkurs på Sandane, Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil i Tromsø, Fagdagan i bunad og folkedrakt i Fagernes, Årsmøte i Nordfjord Sogelag i Hornindal, Primuskurs på Kaupanger og Samling i Sjøfartsnettverket i Bergen.